

# **Referat frå styremøte i Valldal idrettslag**

**Tid:** Torsdag 14. september 2017, kl. 20.00

**Stad:** Klubbhuset

**Desse møtte:** Anders Rem, Einar Hoel, Liv Marit Indreeide, Kenneth Hovden, Terese J. Moen (for Richard Moen), Trond Håvoll, Magne Eivind Glomnes, Jan Ole Fuglem, Harald Vestre

**Fråverande:** Richard Moen, Monica Henden, Ida Kristoffersen Rem,

## **Sak 26/17      Informasjon frå gruppene og styret**

### **Trimgruppa:**

**Friidrett:** Siste cupen i dag, i regnver, ca 50 påmelde. Bra og stabilt oppmøte gjennom heile sesongen. Ikkje Storfjordstemne i år, lunken interesse. Norddalsstafetten, 17 lag.

**Fotballgruppa:** Tine fotballskule i august, 60 påmelde ungar. Eidsdal, Norddal, Stordal, Skodje, Ørskog og Trøndelag. Kunne ikkje vore så mange fleire. Ei lita utfordring å finne instruktørar då ungdommen er i arbeid denne tida. Veldig vellykka arrangement. Vellykka fotballcup, ca 600 innom. Gode tilbakemeldingar. Parkeringsbiten gjekk smertefritt. Parkeringsvaktene gjorde ein viktig og god jobb. Eit lag deltok på Norway cup.

**Disksport:** Vekas runde, 12-15 stk. Jemtegård open i august, 25 påmelde, frå heile fylket. Vurdere å utvide bana til neste år. Ein del dugnadsarbeid. Samlar mykje ungdom.

**Skigruppa:** Starta opp med skitrening tirsdagar, 30 stk, styrketrening på onsdagar, og rulleskitrening torsdagar. Planlegg eit større arrangement til vinteren, ein del planlegging. Synfaring på Grønningsetra i dag ilag med heile komm.styret, skisikker arena, samling på Markane neste helg, mange påmelde, går mot rekord.

**Styret:** Klubbhuset straks ferdig måla, litt igjen. Grasbana må sprøyta mot ugras, må kvile i 8 veker, såast i neste vår. Jan Ole tek ansvaret for å sprøyte Forsikringane er no flytta til Gjensidige.

Minner om politiattestar. Kenneth Hovden vert vald som ansvarleg for politiattestar, for å følge opp arbeidet og ha oversikt over politiattestar. Fotballgruppa er dei som har flest trenrarar/lagleiarar og då vil det vere naturleg at Kenneth har denne funksjonen i år

Bygdemobilisering. Det har kome svarbrev frå landbruksavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei bed om fleire opplysningar før dei sluttbehandlarar søkeren. Terese meinte at vi må sende forklaring på korleis vi vil organisere dette. Einar sender svarbrev.

**27/17**

### **Sommararrangementa**

God oppslutning på årets olsok. Jordbærdilten det beste på mange år, over 300 påmelde. Mefjellet opp totalt knappe 200 deltagarar.

Sommararrangementa gav totalt godt økonomisk resultat, ca kr 160.000 netto. I fjor kr 140.000. Gode tilbakemeldingar.

Kva med framtida? Den største inntektskilda til laget, tradisjon, viktig for heile bygda, korleis kan vi hente meir ut av det?, heller enn å tenke tanken å avvikle.

NM motbakkeløp 2019, har søkt 2 gongar men enno ikkje fått tildelt. Skal oss søkje ein gong til? Jubileumsår i 2019, må vere eit godt argument, må i tilfelle søke innan 31.12.17

Vedtak: Fordeling av overskot. Fotball og skigruppa kr 20.000 kvar, dei andre tre gruppene kr 7.000 kvar. Står igjen kr 100.000 i ei felles kasse.

Sommararrangement held fram også i 2018

Søkjer om NM motbakkeløp 2019 lagt til Mefjellet opp

**28/17**

### **Oppgradering av salen på klubhuset**

Arbeidsgruppe beståande av Anders Rem, Silje Grønning, Monica Henden og Torgeir Sunde. Har laga eit forslag: golv, vegg (panellakk) og støydemping tak. Anders presenterte dette på møtet. Einar har fått inn pristilbud på lysarmatur tak. Eit grovt kostnadsoverslag: Plater i taket kr 43.000, golv kr 28.000, panellakk kr 10.000, lysarmatur kr 52.000. Ca kr 135.000. Anders sjekkar opp pris heildekkeende lyddemping tak, går for lysare farge vegg (panellakk), går for det lysaste golvet. Oppstart i veke 41, ikkje leige ut huset i den perioden, må ha ein tidsplan, må ha ein ansvarleg som held litt i trådane. Må også måle/lakke veggar i gang.

Vedtak: Set i gang arbeid i første del av oktober. Kostnadsramme ca kr 135.000, men evt heildekkande plater kan gjøre det dyrare.

**29/17**

### **Treningstider Martin Linge-huset**

Gruppene melder inn samla.

**30/17**

### **Idrettsskule**

Eit tilbod til 1.-4-kl. , kl. 16-17, sette opp eit variert program, innom ulike idrettar.  
Aktuelle dagar kan vere tysdag el onsdag. Einar sjekkar med fysioterapautar på  
Muritunet, samt Karoline Nerli.

### **31/17 Hoppbakkane på Myklebust**

Oppfølging av tidlegare sak. Bakkane er ikkje lenger i bruk og det trengs opprydding.  
Dommartårn må fjernast og stolpar takast ned. Har ingen konsekvens for spelemidlar  
løyvd til bygging. Anlegg må bestå i 40 år, no er det om lag 35 år sidan det vart bygt.

Trond følgjer opp mot grunneigar og gravemaskin, Geir Arne Myren

### **32/17 Andre saker som kan kome til og som det hastar med**

Kenneth har vore i møte med Nike i dag. To representantar frå Oslo. Torkjell kom i kontakt med Nike i forbindelse med fotballskulen, fekk spm om dei ville ha klubbaftale, mykje fint og gode kle, fine prisar, pr i dag avtale med Rognve. Nokre idear: Snart jubileum – jubileumsgenser? I samband med olsok, salgsbod, både profilerte og ikkje profilerte klede. Ønske om å skifte fotballdrakter – korte ermar, kvite drakter. Kva avtale har vi pr i dag med Rognve, korleis seie opp? Viktig at desse prosessane går for seg på ein ryddig måte. Fotballgruppa går vidare med ideen, viktig at alle gruppene i laget kan benytte seg.

Ressursgruppa, treng fleire oppdrag, rydde og systematisere garasjen, rydde og gå igjennom lager, dusj, lister som manglar her og der.

Gåve i samband med gravferd til Kjell Hoel, kr 15.000, i samband med oppussing salen?,

Reinhard klubbhuset, sjekkliste

Møtet slutt kl. 22.45

Liv Marit Indreeide

-referent